



Vest-Telemark

VIDAREGÅANDE SKULE

Elevhefte

Skuleåret 2023-24



**Alle kan – Me
hjelper deg
fram!**



Innhald

1. Rektor har ordet	2
2. Skulen vår	3
2.1. Kontaktinformasjon	3
2.2. Utdanningsprogram og programområde	4
2.3. Leiinga.....	5
2.4. Tilsette	5
2.5. Kontor, ekspedisjon og drift	7
2.6. Karriererettleiar.....	8
2.7. Eksamen og privatisteksamen	8
2.8. Tilrettelegging til eksamen	8
2.9. PPT	9
2.10. Biblioteket	9
2.11. Kantine.....	10
2.12. Tilbod frå Tokke kommune.....	10
2.13. Skulehelsetenesta.....	11
2.14. Temaveka, «Sex, drugs & rock'n roll»	12
3. Praktisk informasjon	12
3.1. Skuleskyss	12
3.2. Lån og stipend	13
3.3. Utstyr og materiell.....	13
3.4. Kartleggingsprøver	13
3.5. Skulebevis og foto	13
4. Årshjulet.....	14
4.1. Dei to fyrste skulevekeene	14
4.2. Inndeling av skuledagen – Timeplanen	16
4.3. Skuleruta - på nett.....	17
4.4. DKS (ikkje ferdig her)	18
4.5. YFF-periodar	18
4.6. Foreldre-/føresettmøte	18
5. Rettar og plikter i skulekvardagen	19
5.1. Reglar særskilt for Vest-Telemark vidaregåande skule:	20
5.1.1. Rutinar for fellesareala:	20
5.1.2. Rutinar for bruk av møteboksane:	20
5.1.3. Studiedagar/lesedagar	21
5.1.4. Branninstruks.....	21
5.2. PC-ordning.....	21
5.3. Solidaritetsprosjektet; «Bright Future»	22
6. Skulen sine målsettingar	23

NB! Dette heftet vert lagt ut elektronisk på <https://www.vtfk.no/skoler/vest-telemark-vgs/>. Du vil sjå at det vert vist til nettadresser ved hjelp av interaktive lekkjer, så me rådar dykk til å nytte nettversjonen i kvardagen.



1. Rektor har ordet

Kjære elev!

Velkommen til Vest-Telemark vidaregåande skule!

Det aller viktigaste dei kommande månadane er at du får fylle på med kunnskap og erfaringar, slik at du får grunnlag for å bli akkurat det du har lyst til, enten for å ta eit fagbrev, eller for å gjennomføre høgare utdanning. Det er ikkje tvil om at hovudmålet med å gå på vidaregåande skule er å spisse ein kompetanse som er nyttig for framtida. Den må vere solid og allsidig, slik at den kan nyttast på nye måtar. Den må vere grundig nok, slik at du vert god i faget ditt. For å få til dette må du kunne fordjupe deg og lære korleis du skal utforske dei ulike emna du jobbar med. Såleis kan du lettare utforske nye emne ved seinare høve, etter kvart som samfunnet endrar seg.

For god læring betyr det mykje å bli kjende med kvarandre og skape eit trygt og godt klasse- og skulemiljø. Trivast me og er trygge, så lærer me betre. Alle har eit ansvar for trivselen på skulen. Det handlar om å sjå kvarandre, gje eit smil og oppmuntring i kvardagen. Det handlar også om å ta vare på det fysiske miljøet, og engasjere seg i å skape aktivitet og nyskaping rundt oss. Er det noko me ynskjer å endre på til det betre, så kan ein sjølv gjere små grep. Me har både klasserådet og elevrådet til samhandling kring dette. Det øvste organet for å jobbe med skulemiljø og trivsel er Skulemiljøutvalet (SMU). Her drøftar me jamleg korleis me har det, og finn og planlegg dei satsingsområda som kan gjere skulen vår endå betre. SMU treng dyktige elevar, - og elevrådet og klasserådet treng ressurspersonar, som kan utgjere ein forskjell og bidra til eit godt fellesskap. Så kjenn etter om du kan vere ein av ressurspersonane i dette. Den beste skulen skaper me saman!

Mitt råd til deg for dette skuleåret er; Ver grundig og nøye med å få med deg detaljane. Det er då du kan briljere og vise kva du verkeleg er godt for. Få til gode samtaler med faglærarane dine, slik at du lærer alt det du treng, på ein måte som hentar fram det beste i deg. Å jobbe saman med medelevar -og byggje kvarandre opp, fremjar også eiga læring.

Alle kan – me hjelper deg fram!

Lykke til med eit godt, nytt skuleår!

Siv Reidun Eide
Rektor





2. Skulen vår

2.1. Kontaktinformasjon

Personalet når du på dagtid ved å ringe sentralbordet, tlf: 35 91 97 00

E-postadresse til skulen: vesttelemark.vgs@vtfk.no

Nettadresse til informasjonssidene våre: <https://www.vtfk.no/skoler/vest-telemark-vgs/>

Facebook: <https://www.facebook.com/VTVGS>


Instagram: <https://instagram.com/vesttelemarkvgs>

Du finn også mykje nyttig skuleinformasjon på www.vtfk.no

Adressa til skulen er:

Storvegen 195

3880 Dalen





2.2. Utdanningsprogram og programområde

Vest-Telemark videregående skule har desse klassane:

Klasse	Programområde	Rom	Kontaktlærer
Utdanningsprogram: Studiespesialiserande (STS)			
1STA	VG1 Studiespesialiserande	10	Emilie Asplin
2SSA	VG2 Studiespesialiserande	4	Siri Myklebust
3REA/SSA	VG3 Studiespesialiserande	5	Pernille M. Sjørdal
Utdanningsprogram: Elektro og datateknologi(EL)			
1ELE	VG1 Elektrofag	17	Odin Wigdahl
2ELE	VG2 Elenergi	16	Atle Timland
Utdanningsprogram: Helse- og oppvekst (HO)			
1HO	VG1 Helse- og oppvekstfag	13	Kristine Karlsen
2BUA	VG2 Barne- og ungdomsarbeidarfag	11	Britt Rønningen
2HEA	VG2 Helsearbeidarfag	12	Lene Timland
Utdanningsprogram: Teknologi og industrifag (TIF)			
1TIPA	VG1 Teknologi- og industrifag A	19	Lars Eilev Høgset Damkås
1TIPB	VG1 Teknologi- og industrifag B	8	Lars Inge Lauvdal
2TEKA	VG2 Industriteknologi	11	Geir Timland
2AMKA	VG2 Arbeidsmaskiner	14	Tor Åge Dale
2KJØA	VG2 Kjøretøy	14	Kristian Øvreklev
Utdanningsprogram: Påbygging til generell studiekompetanse (PÅ)			
3PBA	VG3 og VG4 Påbygging til generell studiekompetanse	3	Øivind Loddengaard
4PBA			
Utdanningsprogram: Tilrettelagt opplæring (TO)			
1TO	Ulike programområde	9	Monica Borgen
2TO	Ulike programområde	9	Emil Fillingsnes
3TO	Ulike programområde	17b	Monica Borgen
1KOM	Ulike programområde	7	Jelena Merkourieva



2.3. Leiinga



Rektor

Siv Reidun Eide – siv.reidun.eide@vtfk.no

Rektor er øvste leiar og den administrative og faglege leiaren på skulen. Rektor har ansvaret for alle interesser i skulesamfunnet.



Avdelingsleiar Pedagogisk støtte og tilrettelagt opplæring (TO)

Birgit Johanne Kovajord Olsnes
birgit.olsnes@vtfk.no

Vitnemål, inntak, kartlegging,
spesialundervisning og tpo.



Administrativ leiar

Talleiv Metveit
Talleiv.metveit@vtfk.no

Økonomi, personal, HMS og beredskap, bygg
og vedlikehald.



Avdelingsleiar Studiespesialisering (STS)

Åsne Berge
aasne.berge@vtfk.no
 Realfag, Språk og Samfunnsfag,
Påbygg. Fagval på
studiespesialisering. Eksamen.



Avdelingsleiar Yrkesfag (YF)

Lars Ramdal Kleve
lars.kleve@vtfk.no

Teknikk og industriell produksjon, Helse- og
oppvekstfag, Elektrofag. Vekslingsmodellen.

2.4. Tilsette

Teknikk og industriell produksjon

Tor Åge Dale

Lars Eilev Høgset Damkås

Lars Inge Lauvdal

Geir Timland

Kristian Øvreklev

tor.aage.dale@vtfk.no

lars.eilev.damkas@vtfk.no

lars.inge.lauvdal@vtfk.no

geir.timland@vtfk.no

kristian.ovreklev@vtfk.no

Studiespesialisering, påbygg og fellesfag

Emilie Asplin

Hanne Bratsberg

Kjetil Kiland Haakenstad

Åse Ingebjørg Kiland

Bjørn Kleiv

emilie.asplin@vtfk.no

hanne.bratsberg@vtfk.no

Kjetil.haakenstad@vtfk.no

aase.kiland@vtfk.no

bjorn.kleiv@vtfk.no



Øivind Loddengaard
Øyvor Fosslı Loddengaard
Antje Meinecke
Siri Myklebust
Thea Marie Rishovd
Guro Stordrange
Espen Sudbø
Pernille Sørđal

ovind.loddengaard@vtfk.no
oyvor.fosslı.loddengaard@vtfk.no
antje.meinecke@vtfk.no
siri.myklebust@vtfk.no
thea.marie.rishovd@vtfk.no
guro.stordrange@vtfk.no
espen.sudbo@vtfk.no
pernille.sordal@vtfk.no

Helse- og oppvekstfag

Kristine Karlsen
Britt Rønningen
Lene Timland

kristine.karlsen@vtfk.no
britt.ronningen@vtfk.no
lene.timland@vtfk.no

Elektrofag

Elin Seltveit
Atle Timland
Odin Wigdahl

elin.seltveit@vtfk.no
atle.timland@vtfk.no
odin.wigdahl@vtfk.no

Vekslingsmodell - Byggfag

Elisabeth Lund Taraldlien

elisabeth.taraldlien@vtfk.no

Tilrettelagt opplæring/pedagogisk støtte

Monica Borgen
Björg Åse Byggland
Emil Fillingsnes
Jelena Merkourieva
Knut Magne Momrak

monica.borgen@vtfk.no
bjorg.aase.byggland@vtfk.no
emil.fillingsnes@vtfk.no
jelena.merkourieva@vtfk.no
knut.magne.momrak@vtfk.no

Elevretteiing

Annette Slokvik Bakkan
Monica Heggıid Gjerlıd
Hildegunn Lassemo
Inger Synnøve Fles Lie
Wenche Rønningen
Abdiqadir Hassan Warsame

Annette.bakkan@vtfk.no
monica.gjerlıd@vtfk.no
hildegunn.lassemo@vtfk.no
inger.lie1@vtfk.no
wenche.ronningen@vtfk.no
abdigadir.warsame@vtfk.no

Reinhald

Ahmad Hussein Almoustafa
Per Arne Berdalen
Dag Morten Solheim

ahmad.hussein.almoustafa@vtfk.no
per.arne.berdalen@vtfk.no
dag.morten.solheim@vtfk.no

2.5. Kontor, ekspedisjon og drift



Konsulent

Reidun Breivik Andersen

reidun.breivik.andersen@vtfk.no

Ansvar for sentralbordet, økonomiføring, skulebevis, skriv ut vitnemål og har ansvar for skuleskyss og utlevering av busskort.

Ekspedisjonen er vanlegvis open mellom kl. 08.00 og 15.30

E-postadressa til skulen: vesttelemark.vgs@vtfk.no

Byggdriftar



Bjørn Joar Vindal

bjorn.vindal@vtfk.no

Byggdriftaren tar vare på skulebygningane og har ansvaret for alle praktiske og tekniske oppgåver som har med bygg og utstyr å gjere.

IT- ansvarleg



Espen Moe

Espen.moe@vtfk.no

Ansvar for alle skulen sine PC-ar, skrivarar, nettverk og pedagogisk programvare.

2.6. Karriererettleiar



Knut Magne Momrak

Knut.magne.momrak@vtfk.no

Dersom du lurar på kva for fag du treng i utdanninga di, eller du ynskjer å få vite meir om andre skuletilbod, kan karriererettleiaren hjelpe deg. Han kan også gi deg orientering om høgare utdanning, hjelpe deg med å søkje studieplass for neste skuleår, rettleie deg når du skal søkje om lån og stipend og han kan hjelpe deg vidare dersom du har andre problem som gjeld skulegangen din.

Knut Magne er også koordinator for karriererettleiarane i Vest-Telemark.

2.7. Eksamen og privatisteksamen

Sikre deg at du har dei nødvendige hjelpemidla du treng til eksamen, og at du veit at PC-en vil fungere tilfredsstillande under eksamen.

Enkelte elevar ynskjer å ta eksamen i eit fag som privatist. Dette er spesielt aktuelt for dei som kan eit anna framandspråk enn det skulen tilbyr, men av og til tar elevar privatisteksamen i andre fag også. **Fristen for å melde seg opp er 15. september.** Ta kontakt med Åsne Berge (eksamensansvarleg), Birgit Johanne K. Olsnes (vitnemål) eller karriererettleiar Knut Magne Momrak. Du kan også finne informasjon på fylkeskommunen sine nettsider:

<https://www.vtfk.no/meny/tjenester/opplaring-og-folkehelse/eksamen/>

2.8. Tilrettelegging til eksamen

Det kan hende du treng ei særskilt tilrettelegging i samband med eksamen som til dømes oppløsing av tekst, avskjerma plassering, utvida tid eller anna. Lytt til råd frå faglærar, kontaktlærar, spesialpedagog eller andre og spør om hjelp viss du er usikker. I samarbeid med faglærar skal du **teste ut tilrettelegginga undervegs i skuleåret** før du søker om tilrettelegginga på eksamen.

Du har sjølv ansvaret for å søkje om tilrettelegginga, men du får hjelp av kontaktlærar, faglærar, spesialpedagog eller karriererettleiar. Du søker i VIS: [Søknadsskjema for elevar](#). Du skal dokumentere behovet for tilrettelegging. Dokumentasjonen kan du laste opp som vedlegg til søknaden eller levere til kontaktlærar. **Søk i god tid før eksamen.** Søknaden vert handsama av leiinga på skulen.



2.9. PPT

PPT er ei rådgjevingsteneste som kan gje rettleiing til elevar og lærarar ved bekymring knytt til opplæringa. Elevar kan ta direkte kontakt med PPT, eller i samråd med lærar/andre tilsette på skulen. Alle har teieplikt.

Vår PP-rådgjevar er **Hans Tore Sanden** (hans.tore.sanden@vtfk.no)



2.10. Biblioteket

Vest-Telemark VGS si bok- og mediesamling er delt på to stader. Lærebøker vert delt ut i **mediateket** på skulen. Andre bøker, lydbøker, film osv. finn du i på **Tokke bibliotek** i Tokke kulturhus, næraste nabo til skulen. Fjernlån (lån frå andre bibliotek) kan du bestille både på skulebibliotekaren og på Tokke bibliotek.



Mediateket er bemanna kvar måndag frå 8.00-15:30, men stengt i skuleferiane.

Skulebibliotekar er **Hilde Grandal**.

E-post: hilde.grandal@vtfk.no

Tokke bibliotek er opne måndag-fredag: 08.00-20.00, samt laurdag: 11.00 – 15.00. Det er bemanna mån- torsdag og fredag: 09.00 – 15.00 og onsdag: 09.00 – 18.00. Resten er ubemanna opningstid/«mei rope».

Tokke bibliotek har endra opningstider i ferieperiodar. Du kan fylgje Tokke bibliotek på Facebook.

Viktig om sjølve skulebokutlånet.

Du må signere lånekontrakt før du får utlevert lærebøker og PC.

Utlevering ved skulestart og innlevering ved skuleslutt, skjer på mediateket (skulen). Kontaktlærer gjev informasjon om oppmøte og du finn oversikt under 4.1.

Har du spørsmål, skal du bytte bok med ein annan elev, har du fått feil bok, feil målform eller anna tar du kontakt direkte med Hilde/send ein e-post. Hastar det veldig, kan du spørje kontaktlærer. Meldingar frå mediateket skjer via elev e-posten.

NB: Skulen kjøper inn og eig lærebøkene. Elevane lånar det dei treng. Kvart lån blir knytt opp mot din personlege lånekonto. Det betyr at du er ansvarleg for alle lån som står i ditt namn. Skriv namn og skuleår inni permen og vis respekt for andre sine bøker. Ved skuleslutt skal du levere inn alt du har lånt etter avtale. Bøkene er merka med strekkodar, så du må levere akkurat dei bøkene som er registrert på din konto. Du vil få erstatningskrav dersom du øydelegg eller ikkje leverer inn bøker.



Eit godt råd frå bibliotekaren: dei fleste øydelagde bøkene er våte bøker – legg vekk bøkene medan du et og drikk.

2.11. Kantine

Skulekantina vår er nyoppussa og har blitt ein triveleg møtestad for alle, både elevar og tilsette. Kantina er open kvar dag frå 08.00 – 13.45

Det er **Wenche Madland Djuve** som har ansvaret for kantina.



Kantina vår er ein av dei berekraftige kantinene i fylket og tilbyr spanande, sunn og berekraftig mat og drikke. Her finn du frisk salat kvar dag, heimebaka og nysmurde etasjebrød, smoothies, varmrettar og mykje anna godt.

2.12. Tilbod frå Tokke kommune

- Torsdagar er **Tokkehallen** open for våre elevar frå kl. 13.40-15.00. Her må me ha ansvarlege elevar kvar gong.
- Onsdagar er **Soria Moria sauna** prioritert for vgs-elevar frå kl. 16.00 – 18. 00. Det kostar kr. 25 per person og det er påmelding på førehand til Tokke kommune.
- Torsdagar er det **Ungdomsklubb** for vgs-elevar på Elvarheim frå kl. 17.00 – 19.30.

Tor Øystein Gravdal er kommunen sin ungdomskontakt, og svarer gjerne på spørsmål om dette og anna som måtte handle om fritida og tilbod på Dalen. Du kan ta kontakt med han på telefon; 975 39 809. Tor Øystein stikk innom skulen med jamne mellomrom og han slår gjerne av ein prat med dykk. For dei som er hybelbuarar har Tokke kommune gitt eit ekstratilbod om å kunne velje ein av tre aktivitetar (inntil tre år):

- **gratis årskort på Tokkegym,**
- **gratis årskort i Tokkebadet** eller
- **gratis undervisning i ein ledig aktivitet i kulturskulen.**

Årskortet på Tokkegym eller Tokkebadet får ein etter avtale med Tokke kommune, og ein må booke treningstid på www.tokkenett.no

Kulturskulen har fleire tilbod om undervisning. Du kan orientere deg i dette på [kommunen sine nettsider](#), og du må søkje via søknadsskjema som vert utarbeidd av skulen. For alle tilboda gjeld det at ein følgjer reglar som gjeld til ei kvar tid. Dette er eit særst godt tilbod, og vi må gjere alt vi kan for å verne om og ta vare på det. Det betyr at alle som nyttar det må ta ansvar.



2.13. Skulehelsetenesta

Dei to helsesjukepleiarane på skulen, **Anne Midtgarden** og **Hildegunn Haaland** har kontor på skulen og du kan stikke innom dei for ein prat på måndagar og torsdagar. Helsesjukepleiarane vil også besøkje alle klassene i løpet av veke 35 (sjå eigen plan, punkt 4.1.)



Anne: måndag kl.09.30-14.00.
Tlf: 90 89 37 86
Kontor: 35 07 55 50

anne.midtgarden@tokke.kommune.no



Hildegunn:
torsdag frå 9.00-11.00
Tlf: 476 03 808
Kontor: 35 07 55 50

hildegunn.haaland@tokke.kommune.no

Kvar torsdag mellom 14.00-16.00 kan elevar på vgs nytte tilbodet, Helsestasjon for ungdom (HFU).

Skulehelsetenesta nyttar **Instagram** (*tokke_hfu*) til informasjon.

Helsestasjonslege: **Dordi Elise Flom**

Fysioterapeut: **Jette Bergfjord og Sigrid M. Aarsland**

Jordmor: **Lise Skolås**

Skulehelsetenesta samarbeider med psykisk helse i kommunen.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta er eit lågterskeltilbod med "open dør" og fast treffetid. Tenesta er gratis og du får ikkje ugyldig fråvær, dersom du tar med dokumentasjon tilbake til kontaktlærar.

Helsesjukepleiar har teieplikt.

Med samtykke frå eleven samarbeider helsesjukepleiar med skulen og andre instansar.

Hos helsesjukepleiar kan du ha samtaler og få gratis materiell og/eller testar. Det gjeld mellom anna:

- *Prevensjonsrettlegg.*
- *Resept på p-piller eller anna hormonell prevensjon.*
- *Gratis kondom, nødprevensjon og graviditetstest.*
- *Samtale kring abort.*
- *Informasjon om seksuelt overførbare infeksjonar og testing mellom anna for klamydia.*
- *Innsetting, uttak og bytte av p-stav.*
- *Samtale om seksualitet og kjønnsidentitet.*
- *Samtale om fysisk og psykisk helse, kosthold, aktivitet, søvn og rus.*
- *Samtale om vanskelege kjensler og tankar.*

Det er mogleg å gjere avtale utanom treffetida, send SMS.



Rask Psykisk Helsehjelp er eit lågterskeltilbod til deg over 16 år busett i Vest-Telemark, med symptom på mild til moderat depresjon, angst, søvnevanskar og begynnande rusproblem. Tilbodet er gratis. Du tar sjølv kontakt, utan tilvising frå fastlege

Telefon: 90 67 01 30 – telefontid måndag–torsdag kl. 12–15

E-post: rph@vest-telemark.no

Adresse: Brøløsvegen 47, andre etasje, 3840 Seljord

2.14. Temaveka, «Sex, drugs & rock'n roll»

I veke 42 (etter haustferien) vil vi gjennomføre ei temaveke om rus, seksualitet og grenser. Dette vil erstatte VIP-prosjektet som skulen har hatt gjennom mange år og vi gjennomfører temaveka som ein del av skulen sitt arbeid med å setje søkjelyset på ungdom si fysiske og psykiske helse. Alle klassene på skulen vil delta, nokre klasser deltar på alle øktene og andre på nokre færre. Nokre økter blir på tvers av klassene, andre blir klassevis. Det vil også vere ordinær undervisning i løpet av temaveka. De vil få meir informasjon om temaveka når vi har kome litt i gang med skuleåret, men vi kan avsløre at det blir konsert med Byting torsdag 19.10, k.17.00 – 18.30 😊

3. Praktisk informasjon

3.1. Skuleskyss

Dersom du har rett på skuleskyss, må du ha busskort. Det får du ved å fylle ut elektronisk skjema her: www.farte.no

Etter nokre dagar får du eit permanent kort frå busselskapet. Ha alltid busskortet med deg på bussen. Ver rask med å søkje om busskort, då bussjåførane etter ganske kort tid vil be deg vise fram kortet.

Har du behov for tilleggsskyss? Det er eit eige skjema for dette. Sjekk med ekspedisjonen /karriererettleiar om du er usikker på kva skyss du har krav på. Meir informasjon finn du her:

www.vtfk.no



3.2. Lån og stipend

Karriererettleiaren kjem rundt i klassene og orienterer om stipend og lån.

- Søknadsfristar: **haust 15.november, vår 15. mars**

Stort fråvær kan føre til at stipend blir gjort om til lån som ein må betale tilbake. Sjå Lånekassen sine nettsider om oppdaterte reglar for dette: www.lanekassen.no

3.3. Utstyr og materiell

Du kan ha behov for utstyr ut over det skulen delar ut gratis. Behovet varierer etter kva for programområde du går på. Lånekassen delar ut utstyrsstipend for å dekkje det meste av utgiftene du får i samband med dette, men du må sjølv søkje Lånekassen om stipendet.

Du vil få meir info om dette av karriererettleiar, avdelingsleiar og faglærer i samband med skulestart.

Skulen delar ut ei enkel utstyrspakke med det mest nødvendige skulemateriellet du vil trenge. Du får mellom anna blyant, viskelêr, kulepenn og kladdebøker.

3.4. Kartleggingsprøver

Alle skular i fylket gjennomfører kartleggingstestar i lesing, engelsk og rekning i løpet av dei tre første skulevekene. Desse testane hjelper faglærer og deg til å finne ut kva du kan frå før og kva du eventuelt kan trenge hjelp til. Det er viktig at du tar desse testane seriøst og viser kunnskapen din når dei vert gjennomført. Testane er ikkje ein del av grunnlaget for terminkarakterane.

Det er sjølvsagt også viktig at du har god dialog med faglërarane og kontaktlërararen din gjennom heile skuleåret, slik at vi kan tilpasse undervisninga dersom det er behov for det.

3.5. Skulebevis og foto

Skulen tilbyr skulebevis på mobiltelefon. Du må laste ned appen PocketID. Meir info om dette finn du på nettsida: <http://www.pocketid.no/>.

Dersom du ikkje har mobiltelefon, kan du bestille plastkort. Kortet kostar kr. 50,-.

Portrettbilde

Skulebeviset må ha eit portrettbilde. Dersom skulen har bilete av deg frå før, kan du halde fram med å bruke det. Skulen sjekkar om du allereie har eit godkjent bilete.

Skulen set opp ein fotostasjon, der vi fotograferer elevar. Sjå eiga liste over tidspunkt for fotografering (punkt 4.1)

Bruk av elevfoto til infomateriell og marknadsføring

Skulen ynskjer å kunne bruke foto og/eller film tatt frå ulike skulearrangement.

Elevar har høve til å reservere seg frå å bli framheva i slike bilete. Vi håpar at så få som mogleg reserverer seg, for det er kjekt for skulen og skulemiljøet om vi kan vise fram gode bilete av elevar i ulike samanhengar.

LAST NED **POCKETID**

Skulebeviset på mobiltelefonen

No kan du få ditt skulebevis på mobilen - genialt ikkje sant?
Gjennom skulefoto-grafertingsavtala gjev vi deg tilgang til ditt eige ID-kort på mobilen.



SLIK FÅR DU TILGANG:

- **LAST NED:**
Gå til App Store eller Google Play for å laste ned **PocketID** sin mobilapplikasjon.
- **LOGG INN:**
Logg inn på mobilapplikasjonen med din private **FEIDE** kode.
- **BEKREFT BILDE:**
Bekreft skulefoto bilde av deg sjølv i applikasjonen, eller ta ein selfie.
- **ALT OK:**
Du er no klar til å bruke PocketID sin mobilapplikasjon, med tilgang til Skulebevis og Bibliotekskort.

Vi håper at de vil oppleve denne søysinga som praktisk og funksjonell, og eit godt alternativ til dei tradisjonelle plasskort. I for dei spørsmål eller eventuelle endringar kan de kontakte oss på e-post: post@pocketid.no

Sindre Seppola Reed
 Daglig leiar PocketID AS



POCKETID AS | Reed, 4827 Breim | pocketid.no | post@pocketid.no | 95878706 | Org.nr 913212947

4. Årshjulet

4.1. Dei to fyrste skulevekene

Der ikkje anna er nemnt har klassene vanleg timeplan.

Veke 34

Måndag 21. august – start kl. 08.30

Alle elevane møter i kantina. Her ynskjer rektor velkommen og det blir presentasjon av sentrale aktørar i skulekvardagen.

- Elevane fylgjer kontaktlærer til klasserom.
- Kontaktlærarane styrer resten av dagen for vg1-klassene. Faglærarar kjem innom for å helse på elevane.
- VG2 og VG3 har vanleg skule etter lunsj.
- Leiinga og karriererettleiaren kjem rundt og helsar på klassene.
- Utlevering av PC til VG1-elevar i STS, HO, EL. **Elevar må ha underskrift på lånekontrakta for å få utlevert pc.**
- VG2, VG3, PB og KOM hentar lånebøker – lærar er med.

Måndag 21. august		
Tid:	PC	Lånebøker
09.00		2SSA, 3SSA/REA
10.00		3PB/4PB
10.45	1 HO	2ELE
12.00		2BUA/HEA
12.15	1STS	2AMKA
12.45		2KJØA
13.00	1ELE	2TEKA
13.30		1KOM
14.00	3PB/4PB	



Tysdag 22.august.

- Utlevering av PC til VG1-elevar i TIP og KOM som har **skrive under på lånekontrakt**.
- VG1-klassene hentar lånebøker – lærar er med.
- Fotografering i ekspedisjonen/hjå Reidun.

Onsdag 23.august.

- Fotografering i ekspedisjonen/hjå Reidun.
- Nye elevar i VG2, VG3, og PB tar kontakt med Reidun for å avtale tidspunkt for fotografering.

Tysdag 22. august			
Tid:	PC	Lånebøker	Foto
08.15		1HO	1ELE
09.00	1TIPA	1STS	
10.00			1HO
10.45	1TIPB		
12.00		1ELE	1STS
12.45	1KOM	1TIPA	
13.30		1TIPB	

Torsdag 24.august

- 09.00 – 10.30: Valdebatt, Gullbjørgsalen i Tokke kulturhus. Ungdomspolitikarar møtest til debatt og spørsmål frå salen.
- 10.30 – 11.00: Valtorg. Du kan stille politikarane spørsmål og hente informasjonsmateriell frå standane deira.

Onsdag 22. august	
Tid:	Foto
12.00	1TO/2TO/3TO
12.45	1TIPA
13.30	1TIPB
14.00	1KOM

Fredag 25.august.

- Bli-kjent-arrangement, kl. 12.00 – 15.10
 - Oppmøte i klasserom – utdeling av materiell.
 - Oppgåver og aktivitetar ute/rundt om på skulen (vi sjekkar vèrmeldinga).
 - Premieutdeling utanfor inngang A/kantina.

Veke 35

Måndag 28. og torsdag 31.august

Alle klassene får besøk av eit team frå Tokke kommune. Dei vil informere om tenestene dei har til deg som er elev ved Vest Telemark vidaregåande skule:

Måndag 28. august			
Tid:	Klasse(r)	Rom	
08.30	1TIPA		19
09.00	1TIPB		8
09.30	2TEKA		11
10.00	1TO	2TO/3TO	9
10.30	1HO		13
11.00	2AMKA	2KJØA	14
12.00	1STS	2SSA	10

Torsdag 31. august			
Tid:	Klasse(r)	Rom	
08.30	1ELE		17
09.00	2ELE		16
09.30	2HEA	2BUA	12
10.00	1KOM		7
10.30	3REA	3SSA	5
11.00	3PB	4PB	3

Tysdag 29. august - informasjon og hjelp med to-faktor.

Espen tar ein runde til VG1-klassene for å gi informasjon om to-faktor pålogging og han vil hjelpe til med å installere og sette opp to-faktor for Microsoft på mobil. Alle elevane treng dette for å gjere seg nytte av programvara som er tilgjengeleg på skulepc.

Tysdag 29. august		
Tid:	Klasse	Rom
08.30	1TIPB	8
09.00	1TIPA	19
09.30	1HO	13
10.00	1TO	9
10.30	1STS	10
11.00	1ELE	17
12.00	1KOM	7



4.2. Inndeling av skuledagen – Timeplanen

Tider	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1 0815 – 09:00					
2 09:00 – 09:45					
Pause					
3 10:00 – 10:45					
4 10:45 – 11:30					
Matpause					
5 12:00 – 12:45					
6 12:45 – 13:30					
Pause					
7 13:40 – 14:25				Kort dag for alle elevar.	
8 14:25 – 15:10				Bussavgang 13.40-13.55	



4.3. Skuleruta - på nett

Måned	Merknad	Skoledager
August	Skolestart mandag 21. august	9
September		21
Oktober	Høstferie uke 41 (f.o.m. mandag 9. oktober t.o.m. fredag 13. oktober)	17
November		22
Desember	Siste skoledag før jul torsdag 21. desember	15
Januar	Første skoledag etter nyttår torsdag 4. januar	20
Februar	Vinterferie uke 8 (f.o.m. mandag 19. februar t.o.m. fredag 23. februar)	16
Mars	Påskeferie f.o.m. mandag 25. mars t.o.m. mandag 1. april	16
April	Fri 2. påskedag 1. april	21
Mai	Offentlig fridag onsdag 1. mai Offentlig fridag Kristi himmelfartsdag, torsdag 9. mai Fri 10. mai Offentlig fridag fredag 17. mai Offentlig fridag 2. pinsedag 20. mai	18
Juni	Siste skoledag fredag 21. juni	15
Sum	Skoledager for elever	190

Det vil dukke opp ulike aktivitetar i løpet av året. Dette blir annonsert på Teams (vekeplanar/informasjon i klasseteam) og på infoskjermen den dagen aktiviteten skjer.



4.4. DKS

Den kulturelle skulesekken (DKS) gir alle elevar i fylket gratis kulturopplevingar av mange slag. Alle Plan over førestillingane er lagt for skuleåret, men det kan likevel skje endringar undervegs, så følg med på vekeplanen og infoskjermen. Du finn programmet [her](#).



Den kulturelle
skulesekken
Vestfold og Telemark

4.5. YFF-periodar – yrkesfag

Klasse(r)	Veke	Veke	Veke
1ELE	46	9	
2ELE	44-45	4-6	15-16
1TIPA/TIPB	44-45	4-5	15-16
2AMKA/KJØA/TEKA	44-45	4-6	15-16
2TO	45	5	15-16
1HO	47-48 49 (3 dg)	4- 5	
2HEA/BUA	44-46	6-7, 9-10	

4.6. Foreldre-/føresettmøte

- *Tysdag 5. september - alle VG1- og VG2-klassar.*
- *Samtaler med føresette i starten av november.*

Vi sender innkalling med elevane heim, men set av tidspunkta!

Alle elevar har rett på utviklingssamtaler (§3.11 i forskrift til opplæringslova). Dersom du som elev eller føresett kjenner behov for å ha samtale om skulesituasjonen og den faglege utviklinga utanom oppsette møte, tar de kontakt med kontaktlærer. Vi gjer avtale om møtetidspunkt og deltakarar. Føresette til elevar som har fylt 18 år kan ikkje krevje samtaler utan eleven sitt samtykke.



Det er viktig at alle jobbar saman om å få til best mogleg utvikling, og vi ynskjer difor å ta tak med ein gong viss vi ser behov for endringar for å auke læringsutbytte og utvikling. Skulen er open for innspel frå elevar og føresette.



5. Rettar og plikter i skulekvardagen

Som elev er du del av eit skulesamfunn. Skal vi ha ein god skulekvardag, er det viktig å halde seg til dei rutineane og reglane som gjeld. Vestfold og Telemark fylkeskommune har eit eige ordensreglement og fråværsreglement for alle vidaregåande skular, i tillegg har skulen eigne rutinar på ein del område. Du har plikt til å lese gjennom og setje deg inn i kva desse reglane går ut på. Du må også skrive under på at du har lese og vil fylgje desse reglane.

[Forskrift om ordensreglement for elever i vidaregåande skoler i Vestfold og Telemark](#) fylkeskommune og [Fråværsreglement for Vestfold og Telemark](#) får VG1-elevane utdelt som eigne hefter, mens VG2 og VG3 må laste det ned frå nettet.

Gode råd til elev og føresette i samband med fråvær: Ta vare på all dokumentasjon. Ha god dialog med kontaktlærar, og sikre deg at fråværsdagar vert sett som heil dag og ikkje timefråvær i VIS. Set dykk godt inn i reglane for fråtrekk av inntil 10 fråværsdagar, og søk om dette i god tid. Søknad blir sendt via VIS. Det er ikkje høve til å få desse dagane trekt frå etter klagefrist.



Vi minner om at viss du har synspunkt på reglar og rutinar, kan du kome med innspel i klasserådet og drøfte det der. Vert klassen samde om at ein vil gå vidare, tar den tillitsvalde dette med til elevrådet, og det går eventuelt vidare til Skulemiljøutvalet. Fylket sine reglar er det Elevorganisasjonen som skal ha innspel om.

5.1. Reglar særskilt for Vest-Telemark vidaregåande skule:

- Pultar og stolar skal setjast på plass når skuledagen er slutt, og klasserommet skal vere ryddig.
- Skulesaker skal ikkje ligge framme etter skuleslutt. Dette gjeld også på pult og i glaskarmar.
- Bruk elevskåp til bøker og utstyr som ikkje skal vere med heim.
- Ein skal vanlegvis ikkje ete i timane. Faglærar kan gjere unntak der det er naudsynt. Bruk gjerne kantina når du skal ete mat.
- Spezialrom skal vere låst i friminutt.
- Verkstadene skal berre nyttast når det er lærar til stades.
- Elevane skal til ei kvar tid fylgje gjeldande vernereglar for verkstaden og undervisninga.
- Det er ikkje lov til å køyre eller parkere på skulen sitt område.
- Det er ikkje lov til å gå inn på Tokke skule sitt område i skuletida utan særskilt løyve.
- Vis omsyn til kvarandre i samband med at de går av eller på bussane.
- Busskuret skal berre nyttast for å vente på bussen.

5.1.1. Rutinar for fellesareala:

Fellessareala er nyoppussa og har fått nye, fine møblar. For å skape eit triveleg miljø, har vi i fellesskap bestemt at:

- Alle har eit ansvar for å halde det reint og ryddig i fellesområdet.
- Alle har ansvar for at areal og møblar ikkje vert tilgrisa eller øydelagde.
 - Vi minner om:
 - Byt frå vernesko til andre sko utanfor verkstaden
 - Ikkje sko/arbeidsklede i stoffmøblar
 - Hjelp kvarandre med å hugse dette.

5.1.2. Rutinar for bruk av møteboksane:

- «Lærar med elev» og «skule/gruppearbeid» har fortrinnsrett (i den rekkefølga). Det vil vere bestillingssystem på bruk av boksane.
- Møteboksen er også ein stad der ein kan trekkje seg tilbake.
- Ikkje mat og drikke i boksane, drikkevatn kan vere greitt.
- Unngå for mange i boksen (m.a. grunna luft).
- Tom boks skal vere ryddig og klar for dei neste som skal bruke han.
- Døra skal vere att.



5.1.3. Studiedagar/lesedagar

Alle elevar kan søkje om studiedagar i løpet av skuleåret.

- Vg1- og vg2-elevar kan søkje om 3 dagar.
- Vg3-elevar kan søkje om 5 dagar.

Bruk skjemaet for studiedagar som du får av kontaktlæraren din. Kontaktlærer kan innvilge søknad for maksimalt 3 elevar same dag. Du må sjølv spørje alle faglærarane dine, som har undervisning den aktuelle dagen, om å godkjenne med signatur. Når/om du har fått godkjenning frå alle, kan du gi søknaden vidare til kontaktlærer som kan innfri eller avslå søknaden.

Du kan ikkje søkje om studiedagar etter 1. mai.

5.1.4. Branninstruks

Viss brannalarmen går skal du som elev gjere følgjande:

- Lukk glas og dører.
- Gå ut, og møt på nedre parkeringsplass.
- Gi god plass til utrykkingskøyretøy i innkøyrsla.

5.2. PC-ordning

Berbar datamaskin er eit obligatorisk verktøy i offentleg vidaregåande skule i Vestfold og Telemark. Eleven må betale leige for PC for den tida han/ho går på skulen, og eleven overtar eigarskapet etter tre år. Der det er kortare skulegang må eleven betale ut PC-en etter avslutta skulegang.

Alle elevar må levere underskriven kontrakt for å få utlevert PC. Dette skal gjerast elektronisk. Alle elevar får SMS om korleis dei skal gjere dette.

Vestfold og Telemark fylkeskommune har [fyldig informasjon om PC-ordninga på sine nettsider](#). Du må halde deg oppdatert ved å bruke desse sidene.

IT-ansvarleg går rundt til klassene og informerer om god bruk av PC. Lytt til dei råda du får, mellom anna om korleis du skal lagre, kva program du kan nytte deg av, korleis du skal handsame PC og utstyr, og kva du bør gjere for å sikre deg mot å miste data.

Når du sluttar som elev, mistar du diverre tilgangen til skylagringsystemet til fylket. Det er derfor viktig at du i god tid før du avsluttar skulegangen ordnar deg med eige/nytt system for lagring, slik at du kan overføre filene du treng å ha med deg vidare.

5.3. Solidaritetsprosjektet; «*Bright Future*»



Elevane ved Vest-Telemark vidaregåande skule har i ei årrekkje hatt ein solidaritetsaksjon (liknande Operasjon Dagsverk) for prosjektet «Bright Future».

Elevrådet på Dalen tok ei avgjersle hausten 2019 om at elevane skal halde fram med dette også dei neste 5 åra. Elevrådet må difor dette skuleåret revurdere avtalen.

OM BRIGHT FUTURE PREPARATORY SCHOOL (BFPS)



Prosjektet med å bygge og drive barnehage i Ghana starta i 2001, då Kristin Hestmann Vinjerui, tidlegare elev ved Vest-Telemark vidaregåande skule, var

i landsbyen som voluntør. På den tid var barnehagen i eit uferdig kyrkjebygg. Bygget hadde fire veggjar, taket mangla og golvet var av sand.




I dag er BFPS ein barnehage/skule i Ajumako Techiman, Central Region, Ghana som husar nærare 300 born og 6 lærarar. Borna betaler ein liten sum kvar dag (ca. 65 øre), som dekker varm lunsj og delar av dei tilsette si løn. Litt av dei innsamla midlane frå Vest-Telemark vidaregåande skule går til å støtte dei tilsette si løn, men mykje av det elevar og tilsette ved Vest-Telemark vgs har bidrege med har gått til nye bygningar, brønn og både vedlikehalds- og sikringsarbeid. Mellom anna har dei siste års innsamling gått til å styrke og tette tak i klasseromma, slik at insekt og reptil ikkje fell ned på ungene.

Les meir om prosjektet på Facebook: <https://www.facebook.com/brightfuturenorway/>

6. Skulen sine målsettingar

Skulen sitt hovudmål er god kvalitet på opplæringa som er styrt av måla i læreplanen. Vi har eit spesielt fokus på god vurderingspraksis og vi skal samtidig legge til rette for at du møter eit trygt og inkluderande fellesskap på skulen. Vi skal gi god tilpassa opplæring til alle og har satsa spesielt på å auke kompetansen om kva som er dysleksivenleg opplæring. Vår visjon; Alle kan – vi hjelper deg fram, skal gjelde alle som er elevar og tilsette på skulen. Vidare har fylkeskommunen eit stort fokus på helsefremjande opplæring, og har laga ein eigen [strategiplan](#) for dette.



Utdanningsprogram

Du kan velje mellom dei studieførebuande utdanningsprogramma studiespesialisering og påbygg til generell studiekompetanse. Av yrkesfag kan du velje mellom elektro og datateknologi, teknologi- og industrifag eller helse- og oppvekstfag. Ved å velje vekslingsmodellen, kan du også få fagbrev som rørleggar, tømrar, kokk eller servitør.

